



Hyllestad – Askvoll – Fjaler – Solund – Gulen

Det Kongelige Finansdepartement
Postboks 8008 Dep
0030 Oslo

Grense for utskriving av eigedomsskatt i sjøområdet – fråsegn frå HAFS Regionråd

HAFS Regionråd som består av kommunane Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Solund og Gulen drøfta i sak 32/08 finansdepartementet sitt framlegg til grense for eigedomsskatt i sjøområda. Følgjande fråsegn vart samrøystes vedteken:

HAFS Regionråd tilrår at grensa for utskriving av eigedomsskatt i sjøområda vert trekt ved territorialgrensa. Vi har valt å leggje avgjerande vekt på tre viktige omsyn som grunngeving for dette standpunktet:

- Ei grense ved grunnlinja vil medføre at ein del kommunar som allereie skattlegg oljeinstallasjonar ut til territorialgrensa, vil komme til å tape pengar. Dette vert feil når vi meiner at oljenæringa helst bør gje endå sterkare vekstimpulsar for distriktskommunar på kysten.*
- Området mellom grunnlinja og territorialgrensa er ikkje uvesentleg for kommunane si næringsutvikling. For kommunar med aktive fiskerisamfunn, vil det ofte vere knytta sterke fiskeriinteresser til slike område. Etablering av oljeinstallasjonar kan då vere kontroversielt, særskilt i samband med seismikkskyting i kartleggingsfasen. Det er då viktig at kommunane har eit framtidig inntekspotensiale som kan kompensere for ulemper under kartlegging og utbygging.*
- Vi må unngå å leggje til rette for skatteplanlegging på ein slik måte at potensielle kommunale skatteobjekt som t.d. oppdrettsanlegg, flytande vindmøller og anna kan dra seg unna skatt ved å lokalisere seg utanfor grunnlinja ein gong i framtida.*

Med helsing

Arve Helle
Regionrådsleiar

Per Arne Tveit
Sekretær